

IT-FORUM VEST

ÅRSMELDING 2023



| INNHALD | SIDE |
|--|---------|
| Introduksjon: Om IT-forum Vest | 2 - 5 |
| Innleiing ved styreleiar | 6 |
| Våre ambisjonar og mål: 1. Breiband og mobildekning 2. Digital inkludering 3. Rekruttering, mangfald og utdanning 4. Næringsutvikling 5. Velfungerande og synleg organisasjon | 7 - 13 |
| Vår aktivitet - kort fortalt | 14 |
| Ansvar og berekraft | 15 - 16 |
| Dette skal vi gjere framover | 17 |

1. Om IT-forum Vest

Vårt samfunnsoppdrag er å bidra til berekraftig vekst i Vestland gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentlig sektor, utdanning og forskning. IT-forum Vest tek initiativ til, samordnar og bidrar i felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.

Det gjer vi gjennom våre satsingar på:

- breiband og mobildekning
- digital inkludering
- rekruttering, mangfald og utdanning
- næringsutvikling

VERDIAR

Brukarnytte

Samarbeid

Mobilisering

FAKTA

- Adresse Røyrgata 4, 6856 Sogndal
- Organisasjonsnummer er 923 872 442
- Foreninga har 18 medlemmer
- Registrert i Foretaksregisteret, Meirverdiavgiftsregisteret, Frivillighetsregisteret
- Omsetnad i 2023: NOK 1 876 791,-
- Tal tilsette: 0 (*alle tenester er innleigd*)
- Foreninga har oversikt over medlemmer, leverandørar og andre interessentar (sjå s. 4).

STYRET:

- Christiane Ulriksen, (styreleiar)
- Frode Kyrkjebø, KS Vest-Norge (nestleiar)
- Falk Michael Tewes for Marie Havnen, Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Nils Erling Yndesdal, Statsforvaltaren i Vestland
- Bjørn Lødemel, Sogn og Fjordane Næringsråd
- Per Christian Engdal, Høgskulen på Vestlandet
- Tore Nyhammer, Bergen Fiber AS
- Frode Schanke, Helse Førde

VALNEMNDA:

- Terje Heggheim
- Merete Lunde

Styret



Christiane Ulriksen (styreleiar)



Frode Kyrkjebø (nestleiar)



Falk Michael Tewes



Tore Nyhammer



Bjørn Lødemel



Nils Erling Yndesdal



Per Christian Engdal



Frode Schanke

Administrasjon



Ivar Petter Grøtte



Øyvind Heimset Larsen




Anne Mette Hjelle

Slik gjer vi det

Interessentar:

- Næringsliv, off.sektor, FoU
- Medlemmer
- Styret
- Leverandørar
- Samarbeidspartnarar

Gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentlig sektor, utdanning og forskning, tek IT-forum Vest initiativ til, samordnar og bidrar i felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile samfunnet i regionen.



IT-forum Vest har ingen tilsette, men styret leiger administrasjon-tenester frå ulike leverandørar til dagleg drift av foreininga og praktisk gjennomføring av satsingsområde. Det gjeld samarbeid i det daglege med andre aktørar på områda breiband, digital inkludering, oppvekst, utdanning, rekruttering og mangfald. Leverandørar står også for gjennomføring av arrangement og nettverkssamlingar.

IT-forum Vest har inngått partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune med årlege tilskotsmidlar. I tillegg betalar medlemmene ein årleg medlemsavgift og søker støtte i spesifikke prosjekt der det er mogleg.

Interessentar og økonomi

Vi var 18 medlemmar ved årsskiftet (-2)



Hovudtal rekneskap (samanlikna med året før)

1. Inntekter totalt: NOK 1 876 791,- (2 048 433,-)
2. Utgifter totalt: NOK 1 698 282,- (1 916 241,-)
3. Resultat før skatt: NOK 186 513,- (132 193,-)
4. Balanse - egenkapital og gjeld: NOK 932 370,- (1 357 017,-)

Dei største inntekstpostane:

1. Tilskot Vestland fylkeskommune NOK 1 mill
2. Medlemskontingent NOK 360 000,-

Dei største utgiftspostane:

1. Honorar Vestlandsforskning NOK 743 978,- (879 878,-)
2. Honorar Ymsir NOK 472 299,- (538 334,-)
3. Honorar Deloitte AS NOK 15 834,- (84 021,-)
4. Honorar Vekstra AS NOK 58 292,- (51 334,-)
5. Skatt: NOK 43 389,- (30 062,-)

Dei største leverandørane:

1. Vestlandsforskning
2. Ymsir AS
3. Scandic Hotel Bergen (konferansen)
4. Deloitte AS
5. Vekstra AS

2. Innleiing ved styreleiar, Christiane Ulriksen



-Meir enn nokon gong treng vi å dra lasset i lag og sørge for at vi tilpassar oss, held posisjonar og helst styrker dei.

//

Kjære medlemmer og samarbeidspartnarar av IT-forum Vest,

Vi ser tilbake på nok eit spennande og innhaldsrikt år, der vi brukte mykje tid på Vestland fylkeskommune sin Temaplan for breiband og digitalisering. Denne er svært viktig for regionen vår og vi er glade for å ha vore ein sentral bidragsytar i arbeidet. Såleis har det vore eit strategisk år, som har ført til fornya tillit til oss som samarbeidsaktør og der vi skal jobbe for felles mål. I denne samanheng er det godt å kunne nevne at nivået på NKOM breibandsmidlar til Vestland for 2023 er bra. Utfordringa no blir å få dei i bruk.

IT-forum Vest dekker heile Vestland og vi har mange samarbeidspartnarar for å nå viktige mål. I tillegg har alle medlemmene eigne breie nettverk. Til saman blir vi ein del av ein felles innsats for å skape ei god framtid for folk i Vestland. IT-forum Vest har særleg kunnskap og kompetanse i å utvikle samarbeid på tvers av interessegrupper, mobilisere og utvikle felles aktivitet med stor effekt for næring og deltaking i samfunnet for alle.

Av meir konkrete ting, så gjennomførte vi medlemstur til Oslo, med deltaking på Digitaliseringskonferansen og med besøk hos Digital Norway. Dette blei godt mottatt og vi legg opp til ein liknande tur også i 2024, denne gong til Kongsberg Agenda. Vi arrangerte også ny IT-konferanse, denne gong i Bergen. Det handla om kunstig intelligens, breiband og digitalisering. Tilbakemeldingane var gode, men vi skulle ønskt at fleire deltok. Alt tyder likevel på at vi arrangerer nok ein IT-konferanse. Dette er ein viktig møteplass med tanke på både kompetanse og samarbeid.

Igjen vil vi takke våre medlemmer, samarbeidspartnarar, styret og administrasjon for godt samarbeid! Vi er inne i ei tid med store endringar og då treng vi meir enn nokon gong å dra lasset i lag og sørge for at vi tilpassar oss, held posisjonar og helst styrker dei.

Christiane Ulriksen,
Styreleiar i IT-forum Vest, 7. mars 2024

3. Våre ambisjonar og mål

Vi har fire eksterne ambisjonar/mål og eitt internt. Desse blei justert ved revisjon av strategi i september 2023. På dei neste sidene kan du lese meir om måla og vår vurdering av status.

MÅL 1: Vi skal bidra til at alle har tilgang til breiband med høg hastigheit og god mobildekning

MÅL 2: Vi skal bidra til at alle kan vere inkludert i det digitale samfunnet.

MÅL 3: Vi skal bidra til rekruttering, mangfald og utdanning innan teknologi.

MÅL 4: Vi skal vere med å utvikle næring og arbeidsplassar innan teknologi, gjerne i internasjonale samarbeid.

MÅL 5: Vi skal ha ein velfungerande og synleg organisasjon.



MÅL 1: Vi skal bidra til at alle har tilgang til breiband med høg hastigheit og god mobildekning.

| PROBLEM VI SKAL LØYSE, ELLER MOGLEGHEITER VI SKAL GRIPE | INTERESSENTAR | TILTAK FOR Å NÅ MÅL | KORLEIS VIL DET Å NÅ DETTE MÅLET FÅ EFFEKT? | VURDERING AV MÅLOPPNÅING OG FRAMOVER |
|--|---|--|--|---|
| <p>Dersom alle skal kunne bruke nye digitale tenester, og kunne delta i eit moderne samfunn, må også digital kommunikasjon vere tilgjengeleg.</p> <p>Koronapandemien har med all tydelegheit vist at godt breiband er avgjerande viktig for både næringsliv, skule og offentlege oppgåver.</p> <p>Det er særst viktig at alle i Vestland får eit slikt tilbod og at dei områda som no har dårleg dekning blir ferdig utbygd.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Kommunane (planar og innsats) • Stortinget (budsjett) • Regjering (budsjett) • Vestland fylkeskommune (finans) • Næringslivet (påtrykk) • EKOM-bransjen (kompetanse og gjennomføringskraft) • Norec | <ol style="list-style-type: none"> 1. Delta i utvikling av ny temaplan for digitalisering og telekommunikasjon saman med fylkeskommunen (inkluderer både breiband, mobilnett og tenester), inkl. oversikt over kva kommunar som står att. Digitalt utanforskap blir behandla i planen. Ivar Petter deltek i arbeidsgruppa kvar måndag. 2. Formidle behov frå kommunar og ha dialog med leverandørane i regionen om å ferdigstille restområde. 3. Påverke nasjonale styresmakter for å sikre finansiering til breibandutbygging og sikre opne og rettferdige kriterier for tildeling av midlar Temaplan – Uttale distriktsmelding - KDD invitert til konferanse – planar om møte med stortingsbenkane frå Sfj og H. 4. Dele meir kunnskap på konferansar, i media og i egne flater om kva som er status og utfordringar i regionen. | <p>Tilgang til breiband med høg hastigheit vil gjere rekruttereing enklare, gje grunnlag for etablering av arbeidsplassar i heile regionen, bidra til livskvalitet og hindre digitalt utanforskap. Alt i alt vil det å nå målet motverke befolkningsnedgang og bidra til vekst og utvikling.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Seinaste dekningskartlegging frå Nkom presentert hausten 2023 viser at i Vestland fylke har 97,6 % av husstandane tilgang til 100 Mbits/s breiband som var ein auke på 1,3 % frå 2022. 96,8 % har tilgang til 1 Gbit/s som var ein auke på 1,2 % frå 2022. Men spreiddbygde strøk har dårlegare tal. Her manglar det mest, men auken er størst. 89,7 % har tilgang til 100 Mbit/s, ein auke på 4,6 % frå 2022, og 87,5 % har tilgang til 1Gbit/s i 2023, ein auke på 2,9 % frå året før. Den nasjonale og regionale støtten gjev god vekst. No er det meir eit spørsmål om å mobilisere dei siste områda, enn å ha meir midlar per år. • IT-forum Vest har vore ein sentral deltakar i arbeidet med å utvikle den ny temaplanen for breiband og digitalisering vedteken av fylkestinget i Vestland fylkeskommune i juni 2023. Arbeidet var omfattande med faste møte kvar veke og i tillegg nokre større arbeidsmøte under ferdigstillingen av planen. Totalt er det gjennomført omlag 30 møte knytt til utvikling av planen med dialog med interessentar frå både offentleg og privat sektor og interesseorganisasjonar, og etter vedtaket i Fylkestinget i juni, møte om oppfølging og implementering av planen. Arbeidet har teke hovuddelen av innsatsen på dette delområdet i 2023, og kan no kapitaliserast på i 2024. • Viktige tema har vore mobilisering til og ferdigstilling av breibandutbygginga til dei siste bygdelaga i Vestland, vidare behov knytt til mobilnettet og også mulege forsøk med nye satellitteknologiar til dei alle siste og vanskelegaste tilgjengelege lokasjonane. Beiband fekk også spesiell merksemd på IT-forum Vest konferansen i Bergen i november med ein eigen sesjon av leia av redaktør Arne Joramo, Telecom Revy. Det var god deltaking frå breibandbransjen og god profilering i etterkant. |



NYTT MÅL 2 FRÅ HAUSTEN 2023: Vi skal bidra til at alle kan vere inkludert i det digitale samfunnet.

| PROBLEM VI SKAL LØYSE, ELLER MOGLEGHEITER VI SKAL GRIPE | INTERESSENTAR | TILTAK FOR Å NÅ MÅL | KORLEIS VIL DET Å NÅ DETTE MÅLET FÅ EFFEKT? | VURDERING AV MÅLOPPNÅING OG FRAMOVER |
|--|--|---|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Om lag 14 % av befolkninga har liten eller ingen digital kompetanse • Tvilling til komplett digital infrastruktur. • Svært alvorleg for tilgang til kompetent arbeidskraft i Vestland. • Like moglegheiter til å bruke tenester og tilbod fr å kunne ta del i utdanning, arbeidsliv og samfunnslivet elles. | <ul style="list-style-type: none"> • Næringslivet i Vestland • Frivilligheita som Røde Kors, organisasjonar knytt til flyktningar m.fl. • Alle kommunane, inkl fylkeskommunen • Statleg sektor, t.d. Digdir • Utdanning og forskingsmiljøa: Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning | <ol style="list-style-type: none"> 1. Skape møteplassar & dialog gjennom involvering brukarorg & brukarar. Metode ala proEthics for oppfølging. 2. Erfaringsformidling – gode døme, bygger vidare på erfaringar frå eHelse Vestland 3. Bygge på universell utforming i samarbeid med Digdir og Uutilsynet. Digdir vil gjerne samarbeide på tvers av nivå. 4. Bruke grunnskule og vgs for å utløyse særleg potensiale for å bidra i sine lokalsamfunn 5. Utvikle dokumentasjon og planar for å skaffe meir naudsynt finansiering. Supplerande finansiering til konkret gjennomføring lokalt/regional mm | <ul style="list-style-type: none"> • Utløyse potensialet i breie samarbeid mellom brukarar, frivillige og lokale styresmakter. • Alle kan ta del i utdanning, arbeidsliv og samfunnslivet elles. | <ul style="list-style-type: none"> • Fram til sommaren -23 var denne hovedaktiviteten knytt til e-helse. ITF hadde over ein 10-års periode vore sentral i arbeidet. Fyrst i SFj og sidan 2019 i satsinga E-helse Vestland. Det omfatta 34 kommunar ved inngang til 2023 i tillegg til spesialisthelsetenesta, USHTane, brukarorganiasjonar og FoU. Digi Vestland fekk frå 22/23 ansvar for kommunane utfrå KS sin nasjonale felles plan og råmeverk for e-helse. ITF sin rolle vart då vesentleg redusert. «Forankringsgruppa» i e-helse Vestland er vidareført som «Rådgevande forum for e-helse» i Vestland. Her er ITF deltakar og gjev innspel om utviklings- og forskingsprosjekt og koplingar til våre andre område breiband og næringsutvikling. • Ein delaktivitet der vi har bidrege i 2023 er digital heimeoppfølging. HVL ved Senter for omsorgsforskning og VF har fått to følgeforskningsprosjekt finansiert av Regionalt Forskningsfond Vestland utfrå e-helse pilotprosjekt i Ullensvang, Kvinnherad og Helse Fonna, og i Sogndal, Årdal og Helse Førde. Og tilsvarande i Alvær, Austrheim og Masfjorden med Helse Bergen. Aktivitetane er tillegg til hovedaktiviteten i Digi Vestland. ITF har også spelt inn vidare e-helsesatsing til den nye Temaplanen for breiband og digitalisering i Vestland fylkeskommune. • I oppdatering av strategiplanen for IT-forum Vest hausten 2023 vart e-helse erstatta av satsing for å redusere digitalt utanforskap. Dette var ein delaktivitet i e-helse, men er no utvida til arbeid for å sikre at alle skal kunne gjere seg nytte av digitale tenester. Både studieturen til Digitaliseringdkonferansen i juni og IT-forum-konferansen i november hadde dette som deltema. Og satsinga inngår i den nye partnerskapsavtalen med Vestland fylkeskommune. I tillegg lukkast det i slutten av 2023 å få utvikla eit særskilt forprosjekt saman med Vestland fylkeskommune for å forsterka satsinga. Digitaliseringsdirektoratet har signalisert interesse for å delta i arbeidet. |



MÅL 3: Vi skal bidra til rekruttering, mangfald og utdanning innan teknologi.

| <p>PROBLEM VI SKAL LØYSE, ELLER MOGLEGHEITER VI SKAL GRIPE</p> | <p>INTERESSENTAR</p> | <p>TILTAK FOR Å NÅ MÅL</p> | <p>KORLEIS VIL DET Å NÅ DETTE MÅLET FÅ EFFEKT?</p> | <p>VURDERING AV MÅLOPPNÅING OG FRAMOVER</p> |
|--|---|---|---|--|
| <p>Rekruttering er peika på som ei av dei største utfordringane framover. Tilgang til teknologisk arbeidskraft er særleg prekær og det høyrer og saman med utdanning av kandidatar frå teknologifag. Vi bidro til å etablere IT-utdanning i Førde og må følgje opp og bidra til at etableringa blir vellukka.</p> <p>Studentrekruttering, få kvinner blant studentane og tilgang på kvalifiserte lærarkrefter er utfordringar vi må løyse. Vi må også bidra til at fleire får tilgang til teknologisk arbeidskraft totalt sett i regionen.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Høgskulen på Vestlandet • Framtidsfylket • Vestlandsforskning • Sparebanken S fj • Sunnfjord Utvikling • Helse Førde | <ol style="list-style-type: none"> 1. Vidareføre arbeid for rekruttering av jenter, kvinner og innvandrar for å gje eit større mangfald av studentar, lærarar og rettleiarar. Arbeidsgruppe med Framtidsfylket, Vestlandsforskning, HVL, Sunnfjord Utvikling og Sparebanken S fj hadde i 2023 berre eitt formelt møte, men også i år samla vi oss på IT-konferansen i ulike roller. Vi har også direkte kontakt og samarbeid mellom møte. 2. Bruke resultat frå prosjekta Kvinneløftet – FixIT og Teknoløft SFj og for å gjennomføre informasjons- og motivasjonsopplegg for breiare rekruttering. Vi løfta fram sterke kvinnelege rollemodellar og fagboka laga av Hilde Corneliusen blei gitt i gåve til alle foredragshaldarane. 3. Få oversikt over og formidle kvinnelege rollemodellar i Vestland innan IKT. Oversikten blir brukt når vi planlegg program. 4. Bidra til å kople næring og forvaltning i regionen inn i studentjobbar, gjesteforelesingar og studentoppgåver for å gjere utdanninga så relevant som mogleg og skape best mogleg studentmiljø. Vi har delteke på techkveld under Elevate-veka i Førde. | <p>Vi vil bidra til at næringsliv, off. sektor, utdanning og forskning får tilgang til nødvendig kompetanse. Å auke mangfald vil vere avgjerande for verdiskaping og konkurransedyktigheit i regionen framover.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Det var fleire som søkte data og informasjonsteknologi ved HVL som 1. prioritet i 2023 enn året før. Dette tilbudet blir no gitt både i Førde, Bergen og Haugesund (nyoppretta). I Førde er det ein oppgang i søkarar totalt (frå 206 til 219 studentar) til dei 25 plassane,. Av registrerte studentar i 2023-kullet er 5 av 25 kvinner, altså 20 %. Det er ein oppgang frå tidlegare år. Sjå tabell over søkarar og opptak frå HVL på neste side. • I programmet for IT-konferansen i Bergen la vi vekt på å løfte fram kvinnelege foredragshaldarar, gode rollemodellar innan teknologi og digitalisering. Vi la også vekt på mangfald mtp. nasjonalitet og bakgrunn og dekte tema teknologi, digitalisering og breiband både frå offentleg og privat sektor, samt vidaregåande skule. • Vi planlegg ein jenter-i-tech-turne i ungdomsskule og vidaregåande skule der vi vil løfte fram lokale kvinnelege rollemodellar for å inspirere yngre til å velge IT-studier og/eller karriere i teknologi. • Kortkurs i programmering har vist seg å vere vanskeleg å få i gang. Sunnfjord Utvikling har i samarbeid med ITF støtt på vanskar med å få på plass dei rette aktørane. Prosessen er stoppa opp også pga. endringar i ressursar i SU. ITF vil framover prioritere å jobbe med eit alternativt kompetansekurs retta mot ei anna målgruppe. • Vi kartla behov for og ønske om ny oppvekst- og utdanningskonferanse og har lagt den på "is" inntil vidare. I motsetnad til tidlegare år, er det fleire slike tilbod for tilsette i skulen no enn tidlegare. |

Søkarar og opptak ved HVL, data og informasjonsteknologi 2021-2023

Søkere og opptak.

| Studieprogram | CAMPUS.. | Års.. | Termin | Studiepl.. | Søkere | 1.priorit.. | Kvalifiser te 1.pri | Fått tilbud | Svart ja | Møtt | Registre.. |
|---|----------|-------|--------|------------|--------|-------------|------------------------|----------------|----------|------|------------|
| DATA Bachelor i ingeniørfag, data | BERGEN | 2021 | HØST | 105 | 662 | 145 | 107 | 155 | 130 | 120 | 115 |
| | | 2022 | HØST | 105 | 734 | 154 | 114 | 161 | 131 | 117 | 116 |
| | | 2023 | HØST | 113 | 604 | 128 | 89 | 144 | 121 | 114 | 114 |
| INF Bachelor i informasjonsteknologi | BERGEN | 2021 | HØST | 65 | 760 | 80 | 64 | 118 | 77 | 71 | 71 |
| | | 2022 | HØST | 70 | 862 | 128 | 98 | 137 | 95 | 84 | 83 |
| | | 2023 | HØST | 60 | 844 | 136 | 108 | 112 | 79 | 75 | 73 |
| INF-F Bachelor i informasjonsteknologi | FORDE | 2021 | HØST | 25 | 246 | 21 | 12 | 91 | 49 | 44 | 41 |
| | | 2022 | HØST | 30 | 206 | 33 | 23 | 62 | 38 | 35 | 34 |
| | | 2023 | HØST | 25 | 219 | 19 | 11 | 62 | 28 | 27 | 25 |
| INF-H Bachelor i infor.. | HAUGES.. | 2023 | HØST | 20 | 235 | 54 | 33 | 55 | 32 | 29 | 28 |

Kjelde: Høgskulen på Vestlandet (HVL), Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap)



| <p>PROBLEM VI SKAL LØYSE, ELLER MOGLEGHEITER VI SKAL GRIPE</p> | <p>INTERESSENTAR</p> | <p>TILTAK FOR Å NÅ MÅL</p> | <p>KORLEIS VIL DET Å NÅ DETTE MÅLET FÅ EFFEKT?</p> | <p>VURDERING AV MÅLOPPNÅING OG FRAMOVER</p> |
|---|---|---|--|---|
| <p>VVelferdsteknologi er ei offentleg hovudsatsing og nyt stor interesse og engasjement frå heile fylket. Det har store økonomiske effektar for kommunane og gir høg profilering av fylket. Det har vore eit viktig arbeidsområde for IT-forum Vest i over 10 år. Frå 2023 føregår samarbeid med kommunane no i regi av Digi Vestland, men IT-forum Vest føl opp regionalt næringsinitiativ i Sunnfjord</p> <p>Offentlege innkjøp er ein stor og viktig marknad for verksemdene. Dette har også eit stort potensiale for å stimulere nasjonal og regional innovasjon og entreprenørskap. Det krev god bestillarkompetanse og god kunnskap i offentleg sektor. Her har Vestland no er fortrinn som må utnyttast.</p> <p>Helseteknologi er det næraste temaområdet IT-forum Vest kan engasjere seg i for å stimulere ny næringsutvikling.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • E-helse velferdsteknologi Vestland (kommunane) • Helse Førde • Helse Vest • Norwegian Smart Care Cluster (Stavanger) • Alrek helseklynge Bergen • Vestlandsforskning • Kunnskapsparken • Sogn og Fjordane Næringsråd • NHO Vestland • Innovasjon Norge • Sparebankstiftinga Sfj • Sparebanken Sfj • Sunnfjord Utvikling | <ol style="list-style-type: none"> 1. Samarbeide med relevante interessentar - delta på arrangement og styrke nettverk. Samarbeid med Helse Førde og HVL. 2. Støtte Sunnfjord Utvikling i etablering av næringsklynge og i samarbeid med dei andre klyngene. Blir kopla mot satsing på helseteknologi-hub – ikkje klynge - i regi av Helse Førde og HVL. SU deltek her. Samstundes blir det jobba med søknad om prosjektleiing for klyngesatsing. | <p>Vi vil kunne bidra til å etablere sterke næringsklynger med stort potensiale for vekst og utvikling av produkt og tenester som særleg det offentlege treng i framtida.</p> <p>Vestland vil styrke sin nasjonale og internasjonale posisjon.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidet med Sunnfjord Utvikling om å bidra til å utvikle ei næringsssatsing knytt til e-helse i Sunnfjord er vidareført etter seminaret IT-forum Vest tok initiativ til på Peak Sunnfjord i 2021. • Utviklinga har vore noko på vent i samband med nye utlysingar og tildelingar av næringshage og inkubator satsingar i regionen der den samme tematikken var involvert. Ved årskiftet 2023/24 kom det i gang att nye initiativ etter innspel frå Sunnfjord kommune, og IT-forum Vest er no invitert med i ei lokal arbeidsgruppe og til å bli ein partner i satsinga på ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge på Campus Vie i Sunnfjord. • I arbeidet med Temaplanen for breiband og digitalisering er det også spelt inn vidare satsing på internasjonalt arbeid knytt til desse temaområda. I løpet av 2023 har det komme fornya interesser for internasjonalt samarbeid både på fylkesnivået og på kommunalt nivå. Særleg dei nye store kommunane har auka interesse og ambisjonar. ITF har starta arbeid med å dokumentere behov og potensiale for å revitalisere internasjonalt arbeid på desse områda og det blir ein viktig aktivitet i 2024. |



MÅL 5 (internt): Vi skal ha ein velfungerande og synleg organisasjon.

| PROBLEM VI SKAL LØYSE, ELLER MOGLEGHEITER VI SKAL GRIPE | INTERESSENTAR | TILTAK FOR Å NÅ MÅL | KORLEIS VIL DET Å NÅ DETTE MÅLET FÅ EFFEKT? | VURDERING AV MÅLOPPNÅING OG FRAMOVER |
|--|---|---|---|--|
| <p>Vestland treng sterke stemmer og samarbeid på viktige tema. ITF har tradisjon for å vere ei viktig stemme og alliansepart i samfunnet og for å påverke prosessar på våre tema gjennom samarbeid med andre nettverk. Vi må halde på relevansen og bli meir synlege i mylderet.</p> <p>Vi har begrensa økonomi og treng "fleire bein å stå på". Vi er kjent for å vere fleksible og ubyåkratiske, men må få ned nøkkelmansrisikoen og stette krav og behov interessentane har til oss n.d.gj. administrasjon og organisasjon.</p> <p>ITF er for lite kjent i sør og hovudvekta av styremedlemmer og medlemmer er frå nordfylket. Vi må jobbe meir med heile regionen.</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Medlemmer • Styret • Leverandørar • Vestlandsforskning • YMSIR AS • Gasta AS • Økonomiservice, Sogndal • Deloitte Sogndal (revisor) • IT-leverandør • Finansielle aktørar: • Vestland Fylkeskommune (har partnerskapsavtale) • Samarbeidspartar • Initiativ Vest • Næringsalliansen Vest • KS Vest • Sfj Næringsråd • Bergen Næringsråd • Regionale næringssselskapm.fl. | <ol style="list-style-type: none"> 1. Auke synlegheit og legge til rette for gode nettverk og møteplassar: IT-konferanse og studietur. 2. Sikre dagens finansiering, finne sekundær og levere på partnerskapsavtalen. (fylkeskommunal finansiering for nye tre år. Vi er i gang med å planlegge prosjekt der vi kan søke medfinansiering frå andre enn fylkeskommunen. 3. Vi har utgreidd og vurdert kompetansesamansetning og ressursbruk i dagens adm opp mot framtidig mål, inkludert vurdert fulltidstilsett . Konklusjon i styret er at vi held på dagens ordning. 4. Strategi er revidert og justert. 5. Vi har ikkje prioritert å utarbeide klimarekneskap. Berekraftsdelen i årsrapporten er førebels tilstrekkeleg. 6. Gjennomføre medlemsundersøkingar, minimum annakvart år, enten digitalt eller direkte. | <ul style="list-style-type: none"> • Vi får betre driftsresultat og –kvalitet. • Det blir enklare å rekruttere medlemmer i heile Vestland. • Vi får lettare innpass og tilgang til moglegheiter hos viktige interessentgrupper i heile Vestland. • Vi får eit meir engasjert styre som vi lettare rekrutterer til. • Vi blir meir attraktive å jobbe med for leverandørar. | <ul style="list-style-type: none"> • Administrasjon og styre har gjennomført arbeidet vårt i all hovudsak etter instruksar og vedtekter. • Vi har gjennomført ei rekke arrangement, men med totalt færre deltakarar i 2023 mot 2022. Dette vil variere etter typen arrangement, men målet for 2024 er å auke deltaking. • IT-konferansen i Bergen samla 80 deltakarar, ein nedgang siden Voss der vi samla 100. Ingen møte opp frå kommunane, mot normalt. Forklaring kan vere at det blei arrangert ein kommunekonferanse veka før. • Vi fekk gode tilbakemeldingar på IT-konferansen, både muntleg, i e-post og i den digitale spørjeundersøking. På ein skala frå 1-5 fekk vi 4,62 som snittscore for vertskap, 4,26 for festmiddagen, 4,68 for konferanseleiing og 4,77 for lokalsjon. 20 av 22 svarte dei kan tenke seg å delta på framtidige konferansar. Tilbakemeldingar og evaluering i styret konkluderer med at kvaliteten er god, tematikken aktuell og relevant, men at vi må samla sett jobbe hardare med å rekruttere deltakarar., både direkte mellom medlemmer og i sosiale medium. Vi må også unngå tidspunkt for andre og konkurrerande konferansar. • Vi gjennomførte ikkje medlemsundersøking direkte, men evaluerte alle arrangement og la der til rette for tilbakemeldingar og dialog. Vi meiner vi har god innsikt i kva medlemmene meiner og har behov for. |



Glimt fra IT-konferansen 2023. Alle foto: Vedvik Photography

| TEMA - KORT FORTALT | 2023 | 2022 | 2021 | KOMMENTARAR |
|-----------------------------|------|------|------|--|
| Medlemmer | 18 | 20 | 20 | <ul style="list-style-type: none"> • Privat næringsliv (8) Dei to som sa opp medlemskapen i 2023 var Sogndal Fotball og Sogn og Fjordane Energiverk (SFE). I januar 2024 fekk vi inn nytt medlem; Cloudway AS. Dette prioriterer vi framover. • Akademia (2) • Offentleg sektor (8) |
| Styremøte | 5 | 8 | 4 | Styremøtet i august blei avlyst. Alle dei andre var digitale. Det var uvanleg mange styremøte i 2022 pga. omlegging av rekneskapssystem. |
| Eigne arrangement | 3 | 4 | 3 | <ol style="list-style-type: none"> 1. Årsmøte i Førde (30) 2. Medlemstur til Oslo (10) 3. IT-konferanse i Bergen (80) |
| Deltakarar på arrangement | 120 | 243 | 83 | Vi ser ein nedgang i forhold til 2022. Forklaring er at vi hadde færre arrangement (ikkje frukostmøte og nettverksmøte). Til gjengjeld hadde vi medlemstur til Digitaliseringskonferansen i Oslo med besøk hos Digital Norway. Vi hadde også færre deltakarar på IT-konferansen (-20). |
| Aktuelt-saker nettside | 11 | 10 | 19 | Omtrent på same nivå som året før og i samsvar med ambisjonen om eitt innlegg per måned i snitt . |
| Unike besøk nettside | 2,4K | 4.1K | 2.2K | Vi hadde færre arrangement og innlegg, både på nettsida og i sosiale medium. Det påverkar trafikken til nettsida. Så delte vi i større grad direktelenke til påmeldingsside i Checkin i forkant av IT-konferansen, noko som er bra for brukarane. Av dei som kom til nettsida, kom dei fleste inn direkte eller via søk. 2/3 kom frå desktop og 1/3 frå mobil. |
| Innlegg på Facebook | 14 | 25 | 21 | Arrangement gir meir aktivitet, meir innhald og fleire innlegg. Aktiviteten må prioriterast opp. |
| Likarklikk på Facebook-sida | 1061 | 1011 | 994 | Vi har mange som likar FB-sida vår. Det er eit uttrykk for støtte og interesse, sjølv om dei ikkje er aktive. Flest følgjarar har vi frå Førde (14,4%) , Sogdal (9%), Bergen (7,6%), Florø (5,5%) og Oslo (5,4%). Framleis er 4 av 10 er kvinner. Vi har hatt ein betalt arrangementskampanje på FB i 2023. |
| Innlegg på LinkedIn | 15 | 27 | 14 | Vi delte færre innlegg på LinkedIn pga. færre arrangement og prioritering av ressursar. Dette skal vi bli betre på i 2024. LinkedIn er ein god nettverksarena og ein høg fagleg profil. |
| Følgjarar på LinkedIn | 462 | 407 | 199 | Trass i færre innlegg, fekk vi fleire følgjarar. Det kan vere eit uttrykk for støtte og at folk vil vere ein del av nettverket. Vi bør satse meir på LinkedIn av fleire årsaker: Merkevarer, nettverk, sal og rekruttering er blant dei. |

Ansvar og berekraftsforhold

IT-forum Vest er ei foreining som i kraft av sitt virke påverkar omgjevnadane. Her er ei oppstilling som seier noko om korleis vi påverkar klima og miljø (E), sosiale forhold (S) og organisasjon (G). Våre ambisjonar er å bidra positivt til å sikre vår felles framtid i eit lengre perspektiv Dette er forankra i strategien.

Vi støttar alle berekraftsmåla, men prioriterer desse:



3: God helse: Det er relevant for oss pga. sentralisering og demografiske utfordringar og der våre løysingar er breiband og digital inkludering. Sjå våre mål nr. 1 og 2.

4: God utdanning: Rekruttering og tilgang til it-kompetanse er viktig for oss skal vi nå våre mål. Våre grep er satsing på mangfald, rekruttering og utdanning på teknologi-området, jf mål nr. 3.

8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst: Dette målet er viktig for vårt samfunnsoppdrag og visjon. Vårt svar er satsing på utvikling av nærings og arbeidsplassar knytt til IT forum Vest sine tematiske område, jf. Mål nr. 4.

9: Industri, innovasjon og infrastruktur: Vi bidrar til å bygge solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon gjennom vår satsing på breiband og teknologi, jf. Mål 1 og 3.

11: Berekraftige byar og lokalsamfunn: Vesentleg for vårt samfunnsoppdrag og visjon. Vårt bidrag er våre satsingar med tilhøyrande tiltak.

17: Samarbeid: Dette målet handlar om samarbeid og partnerskap om å nå måla. Samarbeid er fundamentet i vår eksistens og er forankra i vårt samfunnsoppdrag.



Berekraftig utvikling innan 2030 går langs tre dimensjonar: klima/miljø, sosiale forhold og selskapsstyring, derav omgrepet ESG (Environmental, Social and Governance).

Vi har definert FNs berekraftsmål 3, 4, 8, 9, 11 og 17 som mest relevante for oss (sjå forrige side). 3, og 4 og 8 er relatert til S (sosiale forhold). 9, 11 og 17 er relatert til G (selskapsstyring). N.d.gj. klima og miljø (E), har vi eit potensiale i scope 3. Her er vår vurdering av status for 2023 med mål vidare:

Klima og miljø (E)

Scope 1: Denne kjeldekategori etter GHG-protokollen handlar om direkte utslepp frå kjelder eigd eller kontrollert av foreninga. Foreninga har ingen tilsette, ingen kontor eller eigedomar, heller ikkje eigne køyretøy. Det betyr ingen utslepp etter scope 1.

Scope 2: Handlar om innkjøpt elektrisitet eller varme. Ettersom foreninga ikkje har direkte innkjøp, blir denne null.

Scope 3: Handlar om andre utslepp i verdikjeda og er frivillig å rapportere på etter GHG-protokollen. Det er likevel det mest relevante for ITF og handlar om forretningsreiser, pendling, transport, avfallsdeponering og vareforbruk.

I 2023 betalte ITF ut reiserekningar for administrasjonen på 3167 km med dieselbil og 90 km med elbil, til saman 3257 km. Vi hadde 5 enkeltflyreiser og ei bussreise. Vi hadde 5 styremøte, der alle var digitale. Årsmøtet i Førde var hybrid. Adm. har 95 % av arbeidsmøtene digitalt. Vi skal alltid vurdere behovet for reising og velge digitale alternativ der det er hensiktsmessig. Vi skal ha minimum 70 % av møtene digitalt. I den grad vi har tilgang til elbil, skal vi nytte dei framfor dieselbilar.

I 2023 arrangerte vi IT-konferanse på Vestlandshuset i Bergen/Scandic Hotell Ørnen med fysisk frammøte for ca. 80 deltakarar. Scandic er den einaste hotellkjeden som er svanemerka. Vi vil vere medvitne om berekraft ved framtidige arrangement og konferansar. Vi vil oppmode samarbeidspartnarar om å redusere klimautslepp og gjere kloke val knytta til matsvinn og avfallshandtering.

Sosiale forhold og samfunnsansvar (S)

Sidan foreninga ikkje har faste tilsette, så er det ikkje relevant å rapportere på arbeidsavtaler, sosiale goder, kompetanse m.m.. Foreninga leiger inn tenester frå leverandørar. Foreninga praktiserer rammeavtale på større og langvarige oppdrag. Fakturering skjer etter timeføring.

Lokal verdiskaping er prioritert i formålet og foreninga kjøper inn varer og tenester lokalt i Vestland.

Administrasjonen og styremedlemmer deltek på andre sine konferansar og bidrar med kunnskap ved behov.

Vi er i dialog med dei viktigaste interessentgruppene og styresmakter. Vi bidrar m.a. med høyringssvar på samfunnsutfordringar innan våre område.

Selskapsstyring (G)

Selskapet tek omsyn til samfunnsansvar i formålsparagrafen og strategien og er i dialog med interessentgrupper i vurdering av risiko- og vesentlegheit. Styret representerer 1/3 av medlemsmassen samt relevante samarbeidspartar som Sogn og Fjordane Næringsråd.

Foreninga har styreinstruks og vedtekter med rutinar i høve årsmøte og valkomite.

Foreninga betalar ikkje ut styrehonorar då styrearbeidet er ein del av dugnadsprinsippet i ITF.

Foreninga har eit resultat på NOK 186 513,-. Eigenkapital og gjeld er på NOK 932 370,-) Resultat og balanse blir vurdert regelmessig av styret og blir revidert av autorisert revisor.

Foreninga har strategi for mangfald knytt til kjønn, alder, geografi m.m. Styreleiar er kvinne, men ITF har i 2023 berre hatt 1 kvinne i eit styre med 8. Året før var 3 av 8 kvinner. I administrasjonen er 1 av 3 kvinner. Foreninga har valkomite, som også er regelmessig på val og der fordelinga er 1 mann og ei kvinne.

Foreninga legg vekt på openheit og deler årsmelding, strategi m.m. med offentlegheita på eiga nettside og i andre kanalar. Vi har inngått partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune og vi har eit uformelt samarbeid med interessentgruppene lista opp i innleiing og dei ulike måla.

Dette skal vi gjere framover

1 Rekruttering og kompetanse

Vi planlegg eit prosjekt retta mot jenter og teknologi. Vi planlegg også eit lågterskel kurstilbod for å auke digital kompetanse.

3 Ny IT-konferanse

Vi skal arrangere ny IT-konferanse der målet er over 100 deltakarar. Vi brukar erfaringar frå tidlegare år i planlegginga.

5 Medlemsrekruttering

Vi må bli betre på å rekruttere fleire medlemmer inn i partnarskapen og at dei som er medlemmer opplever nytteverdi.

2 Medlemstur

Vi skal tilby våre medlemmer felles medlemstur til Kongsberg Agenda. Det er rekna for å vere "Arendalsuka for teknologi" og er ein viktig møteplass og læringsarena.

4 Medlemsundersøking

Vi skal evaluere oss sjølv og be om innspel som skal hjelpe oss med risikovurderingar og prioriteringar.

6 Kommunikasjon

Vi vil halde fram med å invitere inn gjesteskribentar frå medlemsmassen og dele verdifull kunnskap.

Takk for at du er ein del av partnerskapen!

itforumvest.no

post@itforumvest.no

[IT-forum Vest på LinkedIn](#)

[IT-forum Vest på Facebook](#)

IT-FORUM
VEST